

VEDLEGG:

Omtale og vurdering av søknader om tilskot til viltformål 2019

(Søknader nummerert 1-17 i samsvar med nummerering i saksframlegg)

1 NINA: Prosjekt «FriKalv»

Norsk institutt for naturforskning (NINA) ønskjer å prøve ut og evaluere eit tidlegare uprøvd verkemiddel i hjorteforvaltninga – fri avskyting av kalv. Intensjonen er at dette verkemiddelet skal bidra til auka avskyting, og redusere lokale konflikter knytt til fordeling av nytte og kostnader frå hjortebestanden. Auka uttak av kalvar vil redusere det naturlege svinnet frå bestanden i form av vinterdødelegheit. NINA vil evaluere om fri avskyting av kalv er eit eigna verkemiddel for å nå aktuelle forvaltningsmål som redusert bestandstettleik, jamnare kjønnsamansetting og høgare snittalder blant eldre dyr. Fri avskyting av kalv vil bli gjennomført som ei forsøksordning over to år i dei to store hjortekommunane Kvinnherad og Bremanger. Ei spørjeundersøking vil bli retta mot jegerar i forsøkskommunane. Målet med dette er å undersøke haldningar til og erfaringar med forsøksordninga. Fri kalveavskyting har vore føreslått fleire gonger, sist ved høyringa av Hjorteviltforskrifta i 2015.

Jakta er den viktigaste faktoren for forminga og utviklinga av hjortebestanden. Fordelinga mellom kjønn og ulike aldersgrupper i jaktuttaket har endra seg over tid, i takt med auka kunnskap om forvaltning. Samtidig har det blitt ei stadig sterkare lokal styring av hjorteviltforvaltninga. Trass i betre kunnskapsgrunnlag og auka lokal råderett, har det i mange tilfelle vist seg vanskeleg å nå vedtekne mål om bestandsreduksjon. Ei medverkande årsak til dette, er at når kalvar og eittåringar vert felt i staden for reproduserande aldersklassar, må det fellast eit større tal individ for å oppnå ein tilsvarende bestandsregulerande effekt. I dette prøveprosjektet ønskjer ein å evaluere effekten av å innføre fri avskyting av hjortekalvar, altså inga øvre grense for kor mange hjortekalvar eit jaktfelt kan felle. Felling av kalvar utover det som løyvetildelinga spesifiserer, vil med andre ord ikkje gå på kostnad av fellingsløyver for dyr tilhøyrande eldre kategoriar.

Intensjonen er å evaluere om fri kalveavskyting vil resultere i vesentleg auka uttak av kalv. Om så blir tilfelle, kan dette vere eit godt verktøy i samband med reduksjonsavskyting. Å prioritere auka uttak av kalvar framfor eldre alderskategoriar i samband med reduksjonsavskyting, har fleire positive sider:

- Det auka uttaket skjer kjønnsnøytralt
- Ein unngår raske og uønskte endringar i kjønnsamansettinga hos eldre alderskategoriar.
- Uttaket vert retta mot den aldersklassen som har størst naturleg dødelegheit. Ergo har det mindre effekt på bestandsutviklinga enn uttak frå andre alderskategoriar.
- Redusert risiko for etterlatne morlause kalvar.
- Ein opprettheld eller aukar andelen eldre dyr i bestanden.
- Ein sikrar ei kontrollert bestandsutvikling.

Fri kalveavskyting vil også opne for at skadeutsette grunneigarar får auka høve til å felle fleire hjort uavhengig av arealgrunnlag. På denne måten vil ein redusere konfliktane knytt til kostnad-nyttefordeling i den lokale hjorteforvaltninga.

Prosjektet er tenkt gjennomført i samband med hjortejakta hausten 2020 og 2021. Prosjektkostnadene er fordelt over fire år (2019-2022). I 2019 og første halvdel av 2020 vil det bli informert om og «selt inn» ordninga lokalt. Lokale møter, bruk av lokal presse og samspel med kommunale aktørane vil vere avgjerande for effektiv informasjonsspreiing til jegerane. I siste halvdel av 2021 vil det bli utarbeidd ei elektronisk spørjeundersøking som skal rettast til eit utval av jegerane i starten av 2022. Denne spørjeundersøkinga tek sikte på å avdekke eit breitt spekter av spørsmål omkring jegerane sine erfaringar med og haldningar til forsøksordninga.

Prosjektet omfattar primært kostnadar knytt til tidsbruk for dei involverte. Sluttrapportering vil bli i form av NINA-rapport, lokale møter og populærvitskapleg artikkel i til dømes Hjorteviltet.

Vurdering: Før ei eventuell innføring av fri kalveavskyting, bør det gjerast ei fagleg utgreiing, som føreslått i prosjektet. Då den eine av dei to kommunane i prosjektet er frå Hordaland, kan det vere naturleg at Hordaland fylkeskommune støttar prosjektet økonomisk, sjølv om prosjektet også vil ha overføringsverdi til andre hjortekommunar i landet. Prosjektet er ført opp med ein totalkostnad på 1 million kroner over 4 år, som er føreslått fullfinansiert med viltilskot frå Miljødirektoratet og fylka Hordaland og Sogn og fjordane. For 2019 er det ført opp at prosjektet vil ha ein kostnad på kr 129 500,- mens årleg snittkostnad i prosjektet vert på kr 250 000, dvs. ca kr 83 000 for kvar av søknadmottakarane.

Konklusjon: Det vert føreslått å støtte prosjektet i 2019 med kr 50.000.

2 Bergen kommune: Kartlegging av aldersfordeling av hjort

Kommunen fekk gjort kjeveanalysar, medrekna tannsnittanalysar, av hjortar felt under jakta i 2016. Kommunen søkjer om tilskot for å gjere ei tilsvarande undersøking i år. Undersøkinga vil gje sikker alder til dei felte dyra og vise endringar i aldersstruktur frå 2016. Formålet er å få eit betre kunnskapsgrunnlag i bestandsforvaltninga. Kommunen ønskjer primært å samle inn kjevar frå alle felte hjortar under jakta i 2019.

Vurdering: Undersøkinga vil gje sikrere overslag over aldersstrukturen i hjortebestanden, så kommunen får eit betre kunnskapsgrunnlag for å fastsetje rammer for avskytinga, t.d. rammer for prosentvis uttak av eldre bukk, som det bør vere rikeleg av i bestanden. Undersøkinga vil utgjere arbeid og kostnad ut over det som er vanleg å dekke av kommunane. Undersøkinga vil ha ein del overføringsverdi til andre kommunar i fylket.

Konklusjon: Det vert føreslått tilskot på kr 50 000 til prosjektet, tilsvarande 55 % av totalkostnaden. Totalkostnaden kan evt. reduserast ved at aldersbestemming av kalvar og ungdyr (1 ½ år) vert gjort på vanleg ved å studere tannutvikling.

3 Norsk Hjortesenter: Viltseminar 2019

Stiftinga «Norsk Hjortesenter» har sidan 1999 arrangert nasjonale og regionale seminar som arena og møtestad for alle aktørar innan hjorteviltforvaltninga. I følgje søknaden er det viktig å ha slike møteplasser der lokal og regional forvaltning kan få påfyll av fagstoff som gjer alle aktørar innan viltforvaltninga best mogeleg skikka til å innrette arbeidet lokalt på ein god måte. Ein slik arena har dermed vore eit viktig tiltak for realisering av den nasjonale Hjorteviltstrategien.

Frå og med 2017 vart det inngått eit tett samarbeid med Sogn og Fjordane Bondelag, NJFF Sogn og Fjordane og Vestskog SA, mellom anna for å utvide fagområdet for seminaret til meir enn berre hjort og hjorteforvaltning. Ved å samarbeide med ulike organisasjonar om denne type arenaer når ein ut til ei breiare målgruppe enn tidlegare. Likevel ser ein at kostnadane med deltaking for jegerar og jaktrettshavarsida ofte kan vere eit hinder for mange. Dette inneber ikkje berre kostnadane med deltaking på sjølve seminaret, men at nokon må ta fri frå arbeid. Av den grunn har Norsk Hjortesenter lagt seminaret til ein fredag og laurdag for at fleire skal få høve til å delta utan å måtte ta fri frå arbeid i fleire dagar. Dette vart prøvd i fjor samstundes som prisane for deltaking vart reduserte og deltakartalet vart meir enn dobla i høve det ein har hatt påmeldt åra før.

Storleiken på hjortebestandane på Vestlandet har vore eit aktuelt tema i mange samanhengar seinare tid. Det er mange særleg frå landbruksnæringane som no meiner at hjortebestandane jamt over er for store. På seminaret vert det difor sett lys på status og utviklinga ein har sett og korleis ein kan bygge mindre og meir stabile, men meir produktive og robuste bestandar.

Viltseminaret er avhengig av støtte og faste samarbeidspartnarar for å vere økonomisk berekraftig. Dersom deltakaravgifta skulle bere eit slikt seminar aleine, vil den bli uforholdsmessig høg og hindre mange potensielle deltakarar frå å kunne delta. Viltseminaret i år vart arrangert i Florø 15.–16. mars.

Vurdering: Det er positivt at presentasjonane frå møtet er lagt ut på nettet slik at dei er tilgjengelege for alle. Dei viser også at det har vore høg fagleg kvalitet på seminaret. Frå Hordaland ville nok deltakinga vore større om seminaret vart lagt til Bergen, i alle fall enkelte år.

Konklusjon: Det vert føreslått å støtte tiltaket med kr 25 000 som omsøkt.

4 Vestskog sa: Forprosjekt – Leve med hjort

«Leve med hjort» er ifølgje søknaden tenkt som eit konfliktdeмпande tiltak med fokus på samordning og målretting av informasjon og tilgjengeliggjering og bruk av denne, avgrensa til landbruket. Det er søkt prosjektmidlar for å greie ut korleis ein kan etablere hensiktsmessige ordningar for informasjonssamling, -spreiing og -formidling i realisering av tiltaket «Leve med hjort».

Hovudprosjektet er tenkt å etablere ei tilgjengeleggjering av samla eksisterande kunnskap og auka samhandling mellom FoU, formidlingsaktørar og grunneigarar gjennom deira organisasjonar. Auka innsikt, forståing og samla fokus på omforeinte og kvalitetssikra tiltak som gir måloppnåing, vil vere hensiktsmessig å vektleggje.

Søkjjar ser føre seg at ein kan lage læremateriell og leggje til rette for t.d. studieringsaktivitet til bruk lokalt, der ein lokalt drøftar tema med sikte på å gjennomføre konkrete, lokale tiltak med best mogleg verknad og effekt. Lokalt kan vere kommune, vald, eller på enkeltbruk, eller kombinasjonar av dette. Stikkord vil vere reduksjon av bestandsstorleik, auka måloppnåing i forvaltninga, hensiktsmessige lokale tiltak for å redusere skade på eng, skog og frukt- og bærproduksjon.

Vestskog søkjer forprosjektet for å føre aktuelle miljø og aktørar saman for å lage prosjektorganisering for realisering av «Leve med hjort» som tiltak. Aktuelle aktørar regionalt på Vestlandet er avdelingar av Norsk Landbruksrådgeving, Bondelaget, Småbrukarlaget, regionale avdelingar av NIBIO (Norsk Institutt for Bioøkonomi) og nokre representantar frå kommunane.

Det blir lagt opp til tre samlingar vår og haust, med ferdigstilling og forslag til projektskisse i løpet av desember 2019. Vestskog søkjer fylkeskommunane i Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland kvar for seg om støtte til forprosjektet. Kostnadsoverslaget for prosjektet er på kr 75 000, der kr 50 000 er løn og resten (kr 25 000) er diverse utgifter.

Vurdering: Det er allereie eit godt forvaltningsopplegg rundt konfliktdeмпing mellom hjort og landbruk og andre interesser. Der har kommunane ei sentral rolle, gjennom å fastsetje mål for bestandsutviklinga av hjort og storleik på minsteareal. Det er naturleg at kommunane har fokus på samordning og målretting av tiltak i forhold til konfliktdeмпing mellom hjort og landbruk. Kommunane, jaktrettshavarane og jegerane kan allereie finne mykje målretta informasjon fleire stader. Stiftinga Norsk Hjortesenter (på Svanøy i Sunnfjord) har t.d. tilskot frå sentralt hald for å vedlikehalde og utvikle seg vidare som kompetansesenter for hjort. Hjortesenteret bidreg til kunnskapsutvikling og auka kompetanse om hjort som ressurs, hos private, rettshavarar og i forvaltninga. Hordaland fylkeskommune har, gjennom tidlegare års tilskot til viltformål, støtta Hjortesenteret i utarbeiding av ei handbok i praktisk hjorteforvaltning på nett. I tillegg er det mykje målretta informasjon på den nasjonale nettstaden «Hjorteviltportalen» og på temasida «Jakt, fiske- og viltforvaltning» som ligg under miljøkommune.no. I tillegg kan gjerne fylkeskommunane bli betre på temasider om vilt og viltforvaltning. Det omsøkte tiltaket vil nok vere avhengig av tilskotsmidlar også i ein oppfølgjande driftsfase. Det kan også stillast spørsmål om Vestskog er retta aktøren for koordinering av informasjon på området.

Konklusjon: Det vert føreslått å ikkje gje tilskot til prosjektet.

5 Vestskog sa: Fagsamling for bestandsplanområda

Det har vore oppretta og godkjent nye bestandsplanområde - vald som samarbeider om felles bestandsplan - over store nye område på Vestlandet siste få åra. Arbeidet med etablering og bruk av kunnskap i bestandsplanlegging er bidrege til gjennom felles prosjekt, som no er avslutta. Det er viktig at bestandsplanområda, og styra for desse, er fagleg rusta til å fortsetje arbeidet, mellom anna med å auke oppslutninga av deltakande vald i samarbeidet. Søkjjar ønskjer difor å leggje til rette for

fagsamling for etablerte bestandsplanområde i fylket. Fagsamlinga blir å gjennomføra innan utgangen av 2019. Vestskog ser føre seg eitt dagseminar per fylke i fylka Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland. Kommunale sakshandsamarar og evt. andre frå offentleg forvaltning blir også inviterte. Forventa tal deltakarar på samlingane vil vere 50 personar. Arbeidet i bestandsplanområda er nytt og i ferd med å formast. Det er, ifølgje søknaden, viktig at det blir årlege felles møteplassar for slikt. Det er ingen slike etablerte pr dato. Fagdelen på seminara blir lagt opp i dialog med bestandsplanområda.

Vurdering: I åra 2014-2018 vart prosjektet «Forvaltning av hjortebestand» gjennomført i Hordaland, i regi av Vestskog. Prosjektet vart finansiert i spleiselag mellom kommunar som prioriterte å vere med og Hordaland fylkeskommune gjennom tilskot til viltformål. Samla tilsegn til prosjektet frå Hordaland fylkeskommune var på nær 1,2 millionar kr, som viser at prosjektet vart høgt prioritert av fylkeskommunen. Av forskjellige grunnar, også nemnt i saksutgreiinga, kom ein dessverre ikkje så langt som ein hadde håpa på i prosjektet. Status er at det har blitt oppretta nokre bestandsplanområde, som kvart omfattar fleire eller færre av hjortevalda som naturleg høyrer til bestandsplanområdet.

Vidare arbeid med etablering og drift av bestandsplanområde bør vere meir lokalt forankra, og bør i større grad skje i regi av kommunane i samarbeid med hjortevalda og bestandsplanområda. Ifølgje Miljødirektoratet sin rettleiar M-478/2016 til Hjorteviltforskrifta, skal bruk av bestandsplan vere hovudregelen ved forvaltning av hjort, og ei av kommunen sine oppgåver er å stimulere til etablering av hensiktsmessige vald, bestandsplanområde og bestandsplanar. Kommune- og fylkesgrenser skal ikkje vere til hinder for å oppnå geografisk hensiktsmessige vald eller bestandsplanområde. Kommunen bør, ifølgje rettleiaren M-478/2016, samarbeide med jaktrettshavarane for å oppnå ein struktur på bestandsplanområda som er hensiktsmessig for forvaltning av hjort. Spesielt bør det arbeidast for at alle vald som naturleg høyrer til same bestandsplanområde, blir med i samarbeidet. Kommunane kan bruke kommunalt viltfond for å støtte opp under jaktrettshavarane sitt arbeid, t.d. gje tilskot til utarbeiding av bestandsplan.

Kommunane har gjerne årlege møte med hjortevalda. Der vil blant anna valdstruktur og arbeid i vald og bestandsplanområde vere naturlege tema. Det vert difor ein litt spesiell situasjon dersom Vestskog i tillegg skal halde årlege fagsamlingar berre for etablerte bestandsplanområde, med «kommunale sakshandsamarar og evt andre frå offentleg forvaltning» sett meir på sidelinja som inviterte på møta. Vedkomande fagsamlingar for dei som driv med hjorteforvaltning, så er det allereie tre årlege, nasjonale hjorteviltseminar som ein kan vere med på. Hordaland fylkeskommune har gjerne støtta Norsk Hjortesenter sitt årlege viltseminar som har hovudfokus på hjort og hjorteforvaltning.

Konklusjon: I ein situasjon der det må gjerast prioriteringar, vert det ikkje sett tilstrekkeleg behov for omsøkte fagsamling for etablerte bestandsplanområde i regi av Vestskog.

6 Vestskog SA: Kommunesamarbeid hjorteforvaltning 2019-2020

Bestandsplanområde for hjort er dels etablert somme stader, men arbeidet er, ifølgje søknaden, ikkje realisert slik ein kunne forvente. Tiltaket vil leggje til rette for etablering av samarbeid mellom kommunar i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane som har felles hjortebestand med nabokommunen. Slikt interkommunalt samarbeid er ønskelig ifølgje rettleiaren M-478/2016 til Hjorteviltforskrifta. Kvar kommune vil bli følgt opp og det vil leggjast til rette for felles møteplassar for drøftingar rundt etablering av hensiktsmessig samarbeid. Omsøkt tilskot frå Hordaland fylkeskommune er kr 160 000 for to år, men tiltaket kan ifølgje søknaden gjennomførast for mindre tilskot.

Vurdering: Det er alt oppretta nokre kommune- og fylkesoverskridande bestandsplanområde, men søkjar kunne tenkt seg større framdrift i etableringa av slike. Ei gjennomføring av tiltaket i redusert omfang bør vere tilstrekkeleg til å få ein dialog mellom Vestskog, kommunar og fylkeskommune om vidare arbeid og framdrift.

Konklusjon: Det vert føreslått tilskot på kr 25 000 til prosjektet.

7 Norsk Villreinsenter Sør: GPS-prosjektet på HV&NF -Ferdseil HV

Søknaden gjeld delprosjektet «Ferdseil», under GPS-merkeprosjektet på villrein på Hardangervidda og i Nordfjella (2017-2021). Det skal i 2019 gjerast avsluttande og supplerande undersøkingar, blant anna vinterteljningar av ferdsel i løypenett og vinterregistreringar av parkerte bilar og ferdsel ut frå E134, og skrivast sluttrapport om ferdsel og villrein. I datasetta ser ein t.d. at villreinen skyr område der det er infrastruktur med menneskeleg aktivitet, slik som merka stiar, turisthytter, kraftanlegg, kraftliner og ikkje minst vegar. Vegar med mykje trafikk set klare avgrensingar for reinen sin områdebruk og trekk. Prosjektet går såleis ut på å få meir kunnskap om korleis ein kan unngå eller redusere konflikter mellom menneskeleg ferdsel og aktivitet og villrein. Prosjektet er under fagleg leiing av Norsk institutt for naturforskning (NINA) og sekretariat ved Norsk villreinsenter Sør. Det er i alt søkt om kr 1 780 000 i tilskot til ferdselsprosjektet i 2019, derav kr 60 000 frå Hordaland fylkeskommune.

Vurdering: Alt som inngår i ferdselsprosjektet ser ut til å vere undersøkingar for å få meir kunnskapsgrunnlag for å gjere gode forvaltningsmessige tilpassingar mellom villrein og menneskeleg ferdsel og bruk av landskapet. Som vilttiltak dreier ferdselsprosjektet seg om problemstillingar knytt til villrein, som ikkje ligg under fylkeskommunen sitt viltansvar.

Konklusjon: Det vert rådd til å ikkje gje tilskot til prosjektet, då tiltaket ikkje fell inn under viltformål som fylkeskommunen kan støtte frå tilskotsordninga.

8 Norsk institutt for naturforskning (NINA): En levende kyst – Samspel oter, mink og sjøfugl

Prosjektet har som formål å følgje re-etableringa av oter på Sørvestlandet og greie ut kor vidt oter har ein bestandsreduserande effekt på svartelistearten mink. Dersom ein aukande oterbestand fortregjer minken, kan dette ha positive effektar på sjøfuglbestandane i områda oteren ekspanderer til. Dette vil ein studere ved hjelp av å setje ut viltkamera på markeringspunkt for oter og mink ved dagleier/hi og ferskvasskjelder i ekspansjonsfronten for oter langs ein fjord-kyst gradient i Sunnhordland, samt langs ein sør–nord gradient langs kysten frå ekspansjonsfronten til eit etablert oterområde ved utløpet av Sognefjorden. Eit utval sjøfuglkoloniar i desse områda vil bli følgt opp i forhold til bestandsendringar og hekkesuksess. Analysar vil baserast på endringar i tid og rom og vil i følgje søknaden gje eit solid kunnskapsløft innan problematikken omkring svartelistearten mink og opphavlege kystfaunaartar.

Vurdering: Det har vore årlege søknader om vilttilskot til prosjektet frå og med 2016. Hordaland fylkeskommune har gitt vilttilskot til prosjektet i 2017 og 2018. I søknaden i år er det oppgitt eit 5-årig prosjekt 2019-2023. Prosjektet har høg eigenfinansiering og høgt omsøkt tilskot frå Miljødirektoratet. Prosjektet har i tillegg vore støtta av Fylkesmannen i Hordaland dei siste åra. Fylkeskommunen sitt ansvarsområde som viltorgan er avgrense til haustbare artar. Oter er ikkje ein haustbar art. Prosjektet vil likevel bidra til auka kunnskap om samspelet oter-mink-sjøfugl, og søknaden er såleis også relevant for vurdering av tilskot frå fylkeskommunen. I søknaden i år er det vist oppdaterte data frå prosjektet fram til og med 2018, og vurderinga er at prosjektet har god framdrift.

Konklusjon: Det vert føreslått å gje tilskot på kr 30 000, som omsøkt.

9 NINA: Raudrev på Hardangervidda

Det norske avlsprogrammet for fjellrev har på få år blitt det mest effektive tiltaket for å re-etablere utdøyde bestandar og styrke bestandar med få individ. Utsetjingar av fjellrev på Hardangervidda starta i 2014, og det er til no sett ut 124 kvalpar. Dei tre siste åra er det dokumentert minst ein yngling årleg og i tillegg er det udokumenterte meldingar om fleire ynglingar. Det er registrert meir en 205 gamle fjellrevhi som vitnar om at Hardangervidda historisk hadde ein av de største fjellrevbestandane i Skandinavia. Ein av dei viktigaste utfordringane for å lukkast med re-etablering av fjellrev i området er utbreiinga til- og konkurranse med raudrev. NINA søker om midlar til å fortsetje arbeidet med å dokumentere raudreven si utbreiing i høve til fjellrev i området. Prosjektet fokuserer også på årsakssamanheng og tiltak. Innsamla data vil og nyttast i det NFR støtta prosjektet ECOFUNC der høgare skoggrense og raudreven sin ekspansjon opp i høgfjellet er sentrale tema. Ei viktig målsetjing er å utvikle verktøy som kan gje råd om framtidig forvaltning av høgfjellet. Slike verktøy kan bli viktige bidrag i planlegginga av gode bevaringsprogram og tiltak for restaurering av

landskap og arts-samansetjing. I 2019 skal det blant anna samlast inn DNA frå raudrev og analyserast tal raudrevbesøk ved føringsstasjonar. Søknaden viser kostnadsoverslag for arbeid i 2019.

Vurdering: Fylkeskommunen har fått tilsvarande søknad dei tre siste åra (2016-18), og støtta prosjektet som omsøkt i 2017 og 2018. Sjølv om prosjektet Raudrev på Hardangervidda kan seiast å inngå i fjellrevprosjektet, så bør det som gjeld raudrev kunne støttast med tilskot frå tilskotsposten til haustbare artar.

Konklusjon: Det vert føreslått tilskot på kr 35 000 til prosjektet i år, som omsøkt.

10 Universitetet i Sørøst-Norge (USN): Fjelllets ressursgrunnlag

USN, ved Institutt for natur, helse og miljø, har i mange år studert alpine økosystem og påverknad frå klimaendringar. Hovudmålet med prosjektet (2018-2020) er å framskaffe data som er nyttige i forvaltninga av areal og bestandar i fjellmiljø og kunnskap om årsak-verknadsforhold. Det ønsker ein å gjere gjennom å nytte datakjelder som 1) fangar informasjon for store areal, 2) har vore tilgjengelege i lang tid, 3) har ei finansiering som gjer at dei vil bli tilgjengelege framover i tid, og 4) kor potensialet i areal- og bestandsforvaltning i Norge er lite utnytta i dag.

Arbeidet inneheld fleire arbeidspakkar med følgjande delmål:

- Utvikle metodikk for betre utnytting av fly- og satellittdata, for betre og meir kost-effektiv kartlegging av fjellvegetasjon, og overvaking av endringar i vegetasjonen.
- Kartlegge reinen sine beiteressursar i fjellområda Nordfjella, Hardangervidda og Brattefjell/Vindeggen, samt endringar i beiteressursane siste 35 år.
- Undersøkje i kva grad dei utvikla kartprodukta saman med overvakingsdata på rype kan bidra til ei betre forvaltning av fjell- og lirype.
- Undersøkje korleis dei kartlagde vegetasjonsforholda påverkar flyttemønsteret og beiterelaterte kvalitetsmål hos sau.
- Undersøkje korleis eit samspel av abiotiske (klima, luftboren gjødsling) og biotiske (beite) faktorar påverkar endringar i fjellvegetasjonen og økosystemtenester frå rein, rype og sau.

I 2018 starta USN ei satsing på å forbetre kunnskapsgrunnlaget om Langfjellaområdet sine vegetasjonsmessige ressursar. Det omfatta ei meir detaljert kartlegging av utmarksressursane enn kva som tidlegare har vore gjort i Noreg, og ei undersøking av vegetasjonsendringar over tid. Desse data vil også bli sett i forhold til endringar i klima, og kopla mot arealbruksdata frå rein, rype og sau. Mens USN tidlegare har gjort vegetasjonsundersøkingar basert på prøvetaking på utvalde stader, vil USN no også nytte digitale fly- og satellittdata på ein best mogeleg måte for å framskaffe betre, heildekkande data. I 2018 vart det bearbeidd flyfoto frå perioden 2006-2015 for det over 30 000 km² store området. Det vart teke med data frå den infraraude delen av spekteret - for å få fram meir detaljerte variasjonar i vegetasjon enn kva som er mogeleg ut frå vanlege flyfoto. I 2019 ønskjer USN å utvide datasettet for å studere endringar over tid. For 2019 er det søkt om midlar til å vidareføre den feltmessige datainnsamlinga frå 2018, samt til prosessering av satellittdata for studieområdet frå 1984 til i dag, og dessutan til å analysere endringar i slike data og hente inn og bearbeide data frå takseringar av rype. Det er søkt om kr 40 000 i tilskot frå Hordaland fylkeskommune i 2019. Det er også søkt om tilskot frå Miljødirektoratet, fire fylkesmannsembete og fire andre fylkeskommunar. Totalt omsøkt tilskot i 2019 er på kr 630 000. Prosjektet søkte også om vilttilskot frå Hordaland fylkeskommune i fjor, men fekk avslag.

Vurdering: Det er FoU-metodeutviklinga for framstilling av betre og meir detaljerte vegetasjonskart for forvaltningsformål i alpine område, særleg for betre nytting av fjernmålte data frå fly og satellittar, som synest å vere det sentrale i prosjektet. Det synest i tilfelle å vere mest aktuelt med tilskot frå sentralt nivå. Fylkeskommunen fordelar viltfondsmidlar som er avgrensa til forvaltning av haustbare, ikkje truga viltartar, som ikkje omfattar villrein og sau, men rype som jaktbar art. I rypeforvaltninga vil det nok fortsatt vere viktigast med tradisjonelle overvakingstiltak som rypetakseringar, då årlege variasjonar i bestandstettleik vil vere mest påverka av faktorar som vêrforhold - ikkje minst under hekketida, mengde av smågnagarar og predatorar, og evt. variasjonar i jakttrykk.

Konklusjon: Det vert føreslått at prosjektet ikkje vert prioritert høgt nok for tilskot.

11 Universitetet i Sørøst-Norge: Fødselstid hos bever i Sør-Norge

Hovudmålet for det tre-årige prosjektet (2018-2020) er å undersøkje når bever før ungar i Sør-Norge. Dette skal undersøkjast ved to ulike metodar: 1) eit avansert microchip system som kan registrere hodyra sin aktivitet inn og ut av hyttene og 2) samle inn felte hodyr i april og mai frå 7 fylke (Aust-Agder, Vest-Agder, Buskerud, Vestfold, Østfold, Hedmark og Telemark). Under punkt 1) vil ein registrere om dei dominante hodyra forandrar aktiviteten inn og ut av hyttene når ungane er født, og under punkt 2) vil ein undersøke om fødselstidspunktet varierer med omsyn til høgde over havet og breiddegrad.

Jakttida for bever er frå 1. oktober t.o.m. 30. april, men kommunane kan forlenge jakta til 15. mai. I snitt før bever i Sør-Norge og Telemark ungar ca 13.-14. mai, men det er rapportert om fødslar frå 1. mai, og kanskje før det. Når det er tillate å jakte bever mot slutten av drektighetsperioden (ut april eller til 15.mai), vil spørsmål om dette er etisk forsvarleg oppstå fordi vårjakta kan vere i konflikt med prinsippet om yngletidsfreding.

Vurdering: Det er søkt om viltilskot til tre-års prosjektet på i alt kr 145 600 frå i alt 18 fylkeskommunar og 10 Fylkesmannsembete. Dette etter at Miljødirektoratet alt har gitt tilsegn om kr 450 000 til prosjektet. Bever er førebels ikkje utbreidd i Hordaland og på Vestlandet, og det skal heller ikkje gjerast undersøkingar i Hordaland i prosjektet. Ut frå dagens utbreiing av bever, sjå t.d. Artskart, er det minst 11 fylke med meir bever enn i Hordaland. Tilskot er i tilfelle mest aktuelt frå desse, og status viser at prosjektet truleg får nok finansiering utan tilskot frå Hordaland fylkeskommune.

Konklusjon: Det vert føreslått å ikkje gje tilskot til prosjektet, då det er svært lite bever i Hordaland samanlikna med dei aller fleste andre fylka som også har fått søknad om tilskot.

12 Nni Resources AS: Bestand og bestandstetthet hos orrfugl i lynchhei

Orrfugl er ein viktig viltressurs og ein sentral art i dei fuglesamfunn den førekjem i. Arten har stor utbreiing, som på Vestlandet strekkjer seg frå kysten til skoggrensa i indre fjordstrøk. Orrfugl hekkar også i kystlynghei, ein pt utvald naturtype, men relativt lite er kjent om arten sin status i kystlandskapet i dag. Prosjektet siktar mot å avdekke bestandstema som: 1) førekomst eller ikkje; 2) bestandstettleik og 3) habitatval - for hekkebestandar knytt til kystheier og då særleg kystlyngheier. Prosjektet siktar mot datafangst i tre kommunar: Sveio, Austevoll og Øygarden. Ved støtte vil sentrale kystlyngheier bli valt som studieområde (lyngheier på kysten er kartlagt og oversikt er tilgjengeleg). Metodisk vert 2-delt kartleggingsstrategi valt: 1) Sonetaksering av spelande hannar og 2) linjetaksering som vil gje relative tettleikar. Førekomst skal relaterast til landskaps- og habitattypar i dei utvalde områda i dei tre kommunane. Feltofang er 2 feltdagar i kvar kommune (20 felttimar, samla 60 felttimar). Vidare analysar og rapportering. Resultat frå prosjektet kan også nyttast for vidareført overvaking av kystbestanden. Alle kartleggingsområde og artsførekomststar (positive registreringar) vert koordinatfesta og kartfesta. Prosjektet leverer fagrapport.

Vurdering: Prosjektet vil blant anna bidra til informasjon om bestandsstatus og habitatval for orrfugl, og vil slik sett bidra til kunnskapsgrunnlag som kan vere nyttig ved areal- og artsforvaltning.

Konklusjon: Det vert føreslått tilskot som omsøkt.

13 Nni Resources AS: Virkninger av introduserte fiskearter på vannfugler

Prosjektet har som mål å avdekke eventuelle verknader av introduksjon av fiskearter i vestnorske vatn og innsjøar, dvs. på akvatisk økosystem generelt og vassfuglar spesielt. Introduserte arter er gjedde (introdusert for over 100 år sidan, men i spreining) og abbor (relativt nyleg introdusert - aukande dei siste år). Prosjektet har fokus både på hekkebestandar og reproduksjon via konkurranse med introduserte fiskearter, samt på vinterbestander i studieområdet. Studieområdet er avgrensa til vassdrag på Bergenshalvøya. Metodisk vil også historiske data bli tatt i bruk, i perspektiv tilbake 40 år, dvs. prosjektet har tilgjengeleg både før- og etterdata sett i forhold til introduksjon av abbor. Leveranse frå prosjektet blir fagrapport.

Prosjektet er ei vidareføring i 2019 av prosjekt med same tittel som fekk tilskot i 2018, men med nye vassdrag/nye vatn og innsjøar. Særleg vil prosjektet ha fokus på korleis vassmiljø med dårleg miljøtilstand har funksjon for hekkande, trekkande og overvintrande populasjon av i hovudsak jaktbare arter (stokkand, krikkand, toppand og kvinand). Rapportert prosjektaktivitet 2018 hadde fokus på stokkand som modeart og hekkesuksess/ungeproduksjon som parameter.

Vurdering: Prosjektet vil bidra til auka kunnskapsgrunnlag for forvaltningsformål.

Konklusjon: Det vert førelått å støtte prosjektet som omsøkt.

14 NJFF-Hordaland: Infoblad om jakt og fiske - infoside internett

NJFF-Hordaland har dei siste 20 åra gitt ut eit informasjonsblad om jakt og fiske to gonger årleg, i juni og desember. Bladet har eit opplag på 6500, og vert sendt gratis pr. post til alle kommunar i fylket, til offentleg miljø- og landbruksforvaltning, alle aviser, lokalradio, media elles i fylket, til lokallag av NJFF, til andre jeger- og fiskarlag i fylket, til sportsbutikkar i fylket, til alle medlemmer av NJFF i fylket, samt til medlemmer i fiskeklubben for barn i fylket m.fl. I bladet når NJFF ut til dei fleste jakt- og fiskeinteresserte i Hordaland med viktig informasjon om t.d. lover og forskrifter for jakt og fiske, om kurs, informasjon om aktuelle saker som vedkjem jakt- og fiskeinteresserte, om informasjon om arrangement for barn, og mykje meir. Det er gratis for t.d. offentleg forvaltning, kommunar osv. å bruke bladet til å spreie informasjon, og dette har skjedd jamleg. Bladet har i 2019 tjuetårs jubileum. Då bladet vert sendt ut til så mange adressatar (ca 6000) to gonger årleg og då bladet er på 16 sider, har NJFF-Hordaland store trykke- og portoutgifter til utsendinga. NJFF ønskjer å gje ut to nummer også i 2019, i juni og desember.

Sidan hausten 1998 har NJFF-Hordaland også drive ei informasjonsside på internett om jakt, fiske, friluftsliv, forvaltning, miljø osv. Adressa til sida er <http://www.njff.no/fylkeslag/hordaland>. Sida vert jamleg oppdatert og inneheld mykje aktuell informasjon, blant anna frå offentleg forvaltning. Fylkessekretæren brukar ca 200 timer årleg på oppdatering av sida. NJFF-Hordaland har i tillegg ei eiga Facebook-side som vert brukt aktivt.

Vurdering: NJFF-Hordaland har kvart år sidan 2010 fått tilskot til tilsvarande søknad. Ifølgje søknaden brukar NJFF-Hordaland kr 95 000 frå eigne midlar på tiltaket i år. Det vert vurdert at søknaden også kan støttast i år.

Konklusjon: Det vert føreslått tilskot på kr 45 000, mot omsøkt kr 47 000.

15 NJFF-Hordaland: Ungdomskontaktsamling med jaktkurs

NJFF-Hordaland vil i løpet av 2019 arrangere ungdomskontaktsamling for ungdomskontaktar i lokalforeiningar av NJFF, i samarbeid med NJFF-Rogaland. Samlinga vil innehalde både kursing og aktivitetar, blant anna kurs i skarvejakt. Samlinga vil etter planen leggast til Bømlø, kor det er ein stor bestand av storskarv, og truleg mellomskarv. Samlinga skal vere nettverksbyggjande for ungdomskontaktane, samt motiverande til vidare tilrettelegging for jaktkurs og aktivitetar i lokalforeiningane. NJFF-Hordaland har seinare presisert at den praktiske delen av ungdomskontaktsamlinga med jaktkurs vert lagt til jakttida på storskarv. Det er planlagt to ungdomsleiarssamlingar i løpet av året. Ei samling på vårparten med havfiske som hovudaktivitet, og ei samling på hausten med skarvejakt. Største utgiftspostane er utgifter til løn (kr 18 000) og båtlege/leige av lokale (kr 20 000). Det er ført opp kr 12 000 i dugnadsinnsats og kr 13 000 i eigne midlar, og søkt om tilskot på kr 20 000.

Vurdering: Skarvejakt er aktuelt i Hordaland. I Hordaland har bestanden av mellomskarv ved ferskvasslokalitetar auka betydeleg dei siste åra, og kan gje utfordringar med sårbare fiskebestandar. På NJFF-Hordaland si NJFF ung-side er det opplyst om eit temamøte om skarv som vart arrangert av NJFF-Hordaland, saman med NJFF sentralt og NINA (Norsk institutt for naturforskning), i august i fjor, på Nesttun. Tilskot til delfinansiering av omsøkte kurs i skarvejakt vert rekna som aktuelt.

Konklusjon: Det vert føreslått tilskot til tiltaket på kr 16 000, mot omsøkt kr 20 000.

16 NJFF-Hordaland: *Kvinneaktiviteter*

NJFF-Hordaland har i fleire år drive aktivt for å få fleire kvinner interessert i jakt, fiske og friluftsliv i Hordaland. Sidan midten av 1990-åra har NJFF-Hordaland hatt eigen kvinnekontakt i fylkesstyret, som også er styremedlem i fylkeslaget. NJFF-Hordaland har også eit eige kvinneutval, der kvinnekontakten er leiar. Arbeidet for å få opp kvinneaktivitetane har vore høgt prioritert frå styret i NJFF-Hordaland dei siste åra, og det har gitt resultat i form av fleire kvinnelege jegerar og fiskarar. I dag er rundt ein tredjedel av jegerprøvekandidatane i bynære strøk i Hordaland kvinner. I 2019 vil NJFF-Hordaland sitt kvinneutval blant anna arrangere kvinnekontaktsamling for kvinnekontaktane i fylket sine lokalforeiningar, hjortejakt for kvinner i Samnanger og skogsfugljakt i samarbeid med Voss JFL, og skytekveldar for kvinner hos fleire lokalforeiningar. Arrangementa er opne for alle, også ikkje-medlemmer. Informasjon om arrangementa vert spreidd via annonser i avisene, via heimesidene på internett, fylkesblad, via e-post m.m.

Vurdering: Også NJFF sentralt har ei kvinnesatsing og jobbar for at fleire kvinner skal kome seg ut i skog og mark og bli trygge og aktive jegerar etter å ha teke jegerprøven. Kvinner oppgir i større grad enn menn at det er mangel på kunnskap og praktisk erfaring etter endt jegerprøve som hindrar dei i å kome seg ut på jakt. I Landbruks- og matdepartementet sin nye handlingsplan for næringsutvikling basert på haustbare viltressursar, er det nemnt at fylkeskommunen som regional utviklingsaktør kan tilrettelegge og koordinere satsing på jakt, jaktturisme og næringsutvikling, og at dette også omfattar tilbod for å auke rekrutteringa til jakt med meir.

Konklusjon: Det vert føreslått tilskot på kr 15 000 til tiltaket, som omsøkt.

17 Nordisk Informasjonssenter for Flaggermus (NIFF): *Tiltak for tilgjengeliggjering av naturinformasjon*

Søknaden er adressert til Miljødirektoratet, 10 fylkesmannsembete og 18 fylkeskommunar.

Vurdering/konklusjon: Søknaden er ikkje realitetsbehandla, då den ikkje kjem inn under haustbare viltartar. Tiltaket er lokalt ved Romsåsen gruver i Askim kommune, Østfold.